

Vestlandskappleiken er ein viktig del av folkemusikk- og folkedansmiljøet på Vestlandet. Som ein del av den norske kappleiktradisjonen, med røter heilt tilbake til 1800-tallet, gjer kappleiken sitt til å ta vare på og vidareføre viktige delar av den norske kulturarven. Kappleiken er ein viktig arena, der amatørar kan få tevla og vise seg fram, men òg ein arena der ein held ved like og stiftar nye kjennskap innan miljøet.

Ein slik regional kappleik fungerer som både tevling, møteplass og læringsarena for dei deltakande. Det er mange barn og unge som tek del i Vestlandskappleiken og nyttar han som ein møteplass for å dyrke hobby og tradisjon, og ikkje minst møte andre unge som er interessert i folkemusikk og -dans. Bergen ungdomslag Ervingen, Bygdedanslaget i Bjørgvin og Spelmannslaget Fjellbekken skipar saman til Vestlandskappleiken 2016.

Vestlandskappleiken vert skipa til helga 30. September 2. oktober 2016 i Gimle i Kong Oscarsgate 18, og i Tårnsalen, eit lokale utleigd av KODE (Kunstmuseene i Bergen). Vi reknar med at omlag 200 utøvarar frå Vestlandet ynskjer å delta.

Fredagen planlegg vi konsert, dansetevling og dansekveld. På dansekvelden har deltakande lag, grupper og solo-utøvarar ansvar for musikken. Laurdagen er den store kappleiksdagen. Det vert tevla i hardingfele, toradar, vokal og dans - både solo-, gruppe- og lagspel. Deltakarane vert delt i tre aldersgrupper; rekruttar (under 12 år), juniorar (12-18 år) og seniorar (18 år +). Derfor treng vi 12 dommarar der kvar av dei har kompetanse på fleire område, og kan dømme fleire instrument-/danseklassar.

Når kappleiken er ferdig, vert det igjen duka til dansekveld der ansvaret for dansemusikken er dugnadsspeling av og med deltakarane på kappleiken.